

BACHELOROPPGÅVE

Samvær mellom foreldre og barn i langvarige fosterheimplasseringar

Korleis kan fylkesnemnda ta avgjerder med hensyn til barnets beste?

av

Silje Terese Sæther

Contact between parents and children in longterm fostercare

Psychological and legal aspects

Barnevern

BSV5 - 300

Mai 2015

Kandidatnummer 42



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva *Samvær mellom foreldre og barn i langvarige fosterheimplasseringar* i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

kandidatnummer og namn

Silje Terese Sæther, Kandidatnummer 42

JA X NEI

Innhald

1 Innleiing.....	s. 5
1.1 Presentasjon av tema.....	s. 5
1.2 Kort oversikt over forskningstradisjonen på feltet.....	s. 5
1.3 Bakgrunn for valg av tema og presentasjon av problemstilling.....	s. 6
1.4 Avgrensing.....	s. 6
1.5 Disposisjon.....	s. 7
2 Metode.....	s. 7
2.1 Om metode og metodevalg	s. 7
2.2 Framgangsmåte	s. 8
2.3 Kjeldekritikk.....	s. 8
3 Teori.....	s. 9
3.1 Juridiske rammer.....	s. 9
3.1.2 Kven bestemmer kva?.....	s. 10
3.1.3 Barnevernrettslege grunnsyn og prinsipp.....	s. 11
3.1.4.1 Det biologiske prinsipp.....	s. 11
3.1.4.2 Mildaste inngrepsprinsipp.....	s. 11
3.1.4.3 Hensynet til barnets beste.....	s. 12
3.1.4.4 Stabilitet og kontinuitet.....	s. 12
3.2 Psykologisk teori.....	s. 13
3.2.1 Tilknytningsteori.....	s. 13
3.2.2 Tilknytningsmønster.....	s. 13
3.2.3 Trygg base	s. 14
4 Drøfting.....	s. 15
4.1 Genvinst eller risiko?	s. 15
4.1.1 Forhold ved barnet.....	s. 16
4.1.1.1 Alder og tilknytning.....	s. 16
4.1.1.2 Tilknytningsmønster.....	s. 17
4.1.1.3 Barnet sine spesielle behov.....	s. 18
4.1.2 Forhold ved foreldrene.....	s. 19

4.1.3 Forhold ved fosterforeldrene.....	s. 20
4.2 Barnets beste?.....	s. 21
4.2.1 Stabilitet og kontinuitet.....	s. 22
4.2.2 Barnet sin mening.....	s.23
4.2.3 Mildaste inngrepsprinsipp.....	s. 23
5 Oppsummering.....	s. 24
6 Kjelder.....	s. 25

1 Innleiing

1.1 Presentasjon av tema

Samvær mellom barn og foreldre er eit av dei oftast tilbakevendande og mest konfliktbelagte områdene når barn er plassert i fosterheim (Havik og Haugli, 2010). Omsorgsovertakelse innebærer tap og kan føre til sorgreaksjonar for barn og foreldre, innskrenking av samværsrett kan vidare føre til ein enda større belastning for begge partar. Likevel kan det vere situasjonar der det er nødvendig med meir eller mindre begrensing i samvær, både med hensyn til beksyttelse av barnet, barnets behov og med hensyn til at barnet skal danne ein tilknytning til det nye miljøet og fosterforeldrene. Avgjerder om samvær kan derfor vere vanskelege å ta stilling til. I tillegg har avgjerda ukjente konsekvensar i framtida, og det er mange faktorar som spelar inn på korleis utfallet blir.

1.2 Kort oversikt over forskningstradisjonen på feltet

Samvær mellom foreldre og barn i fosterheimsplasseringar har dei siste 30 åra også vore eit diskusjonstema innanfor det barnevernsfaglege feltet. I følge Havik og Haugli (2010) har pendelen gått frå at fosterheimsordninga nermast har vore adopsjon utan involvering av foreldre, til at ein såg på involvering av foreldre og samvær som eit gode. Denne endringa skjedde ved skiftet mellom 80- og 90-talet og bygde på ein mengde forskning som antyda at samvær var assosiert med, eller årsaken til, ei rekkje positive utfall for barn i fosterheim. Desse faktorane var blant anna tilbakeføring til foreldrene, stabilitet i fosterheimen og god utvikling hos barnet (Fanshel og Shinn, 1978; Millham, Bullock, Hosie, og Haak, 1986). Utover på 90-talet vart debatten meir nyansert. Quinton, Rushton, Dance og Mayes (1997) presenterte ei metastudie av 14 sentrale studier om samvær som hadde vore med på å forma det normative, juridiske og barnefaglege grunnlaget for avgjerder om samvær. Studien stilte seg kritisk til den empiriske kvaliteten og holdbarheten i forskningsfunna. I tillegg stilte studien seg kritisk til det dei meinte var eit einsidig syn på at samvær er positivt for barnet, og at det er negativt ved fråvær. Quinton et. Al (1997) formidla også at der tidlegare forskning hadde sett ein statistisk samanheng mellom samvær og ei rekkje positive utfall, var det meir sannsynleg at det var andre faktorar som hadde vore årsaken til dei positive utfalla enn samværet i seg sjølv. Seinare forskningsfunn (Cleaver, 2000; Beek og Schofield, 2004; Wilson og Sinclair, 2004; Howe og Steele, 2004; Moyers, Farmer, Limpscombe, 2006; Havik, 2007) belyste også noko av det samme som Quinton et al (1997) gjorde, i tillegg formidla desse studia at utbyttet av samvær varierte frå sak til sak – samvær kunne vere til barnets

beste i mange situasjonar, i andre situasjonar kunne det vere belastande eller til skade for barnet. Desse studiene viste at avgjerder om samvær er komplekse. I følge Sinclair og Wilson (2004) er det ingen enkel tommelfinger regel ein kan anvende når ein skal ta avgjerder om samvær – det krever grundige og profesjonelle vurderingar i kvar enkelt sak.

1.3 Bakgrunn for valg av tema og presentasjon av problemstilling

Kva seier forskning om korleis samvær kan vere til nytte i nokon situasjonar, eller til skade i andre situasjonar? Blir rettssikkerheten til barn i Noreg ivaretatt gjennom å bruke kunnskap om nytte og skade ved samvær, ved avgjerder i fylkesnemnda? Dette er spørsmål eg har tenkt på i forkant og ønskjer å lære meir om gjennom å skrive denne bachelor oppgåva. Eg ønskjer dette fordi slik kunnskap kan styrke grunnlaget for refleksjonar, vurderingar og beslutningar i den enkelte sak seinare i arbeidslivet. Med bakgrunn i det har eg valgt følgjande problemstilling:

”Korleis kan fylkesnemnda i tråd med barnets beste ta avgjerder om samvær mellom foreldre og barn i langvarige plasseringar?”

1.4 Avgrensing

Oppgåva avgrensar seg til å handle om avgjerder om samvær for barn som er *langvarig plassert* i fosterheim, og utelukkar dermed kortvarige plasseringar og uavklarte plasseringar. Denne avgrensinga gjer det mogeleg å gå djupare inn i diskusjonen, i tillegg kan ein sjå at prinsippa stabilitet og kontinuitet får ein anna vinkling og betydning i enn det ville gjort i kortvarige plasseringar og uavklarte plasseringar. Eg avgrensar også oppgåva til å gjelde samvær mellom foreldre og barn, og utelukkar dermed øvrig familie med mindre familiemedlem kan bidra til å gjere samværet betre for foreldre og barn. Eg brukar begrepet samvær når eg meiner direkte møter mellom barn og foreldre der dei er saman.

Videre avgrensar eg *plassering i fosterheim* til å gjelde plassering som eit omsorgstiltak etter barnevernlova (1992) § 4-12, og utelukkar derfor plassering som hjelpetiltak etter barnevernlova (1992) § 4-4. Med begrepet *avgjerder om samvær* meiner eg den vurderinga fylkesnemnda gjer for å lage og bestemme eit vedtak som rammeverk for samvær, der denne vurderinga byggjer på ei juridisk og psykologisk vurdering. Det kan vere avgjerder om samvær som er oppe for første gang i fylkesnemnda, eller det kan vere saker som blir tatt opp til ny vurdering av enten barneverntjenesta eller foreldre når barnet har vore i fosterheim i fleire år.

For å holde meg innanfor sidetalsbegrensing, har eg i oppgåva bevisst unngått å inkludere barneverntjenesta sitt arbeid med samvær, og konsentrerer meg berre om avgjerder i fylkesnemnda. Dette er fordi fylkesnemnda og barnevernet har ulike ansvarsområder og derfor også ulike arbeidsoppgåver. I tillegg meiner eg at ei slik avgrensing legg til rette for ein meir overordna og fagleg interessant diskusjon mellom prinsipp og lovgrunnlag i juss og psykologi.

1.5 Disposisjon

Oppgåva vil først ta for seg ein teoridel som gjer greie for juridiske rammer og psykologisk teori som grunnlag for avgjerder om samvær i fylkesnemnda. Denne delen vil danne ei ramme som set problemstillinga inn i ein kontekst, samtidig som det vil gi lesaren nødvendig kunnskap om begrep som blir brukt under drøftinga.

Eg vil vidare drøfte problemstillinga i to delar, der den første delen vil vere ei videreføring av den psykologisk teorien. Her vil eg gi innhold til begrepet barnets beste ved å presentere forskning om gevinst og risiko ved samvær. Den andre drøftingsdelen vil vere ei videreføring av heile teoridelen, samt den første drøftingsdelen, der eg vil eg gjere eit forsøk på å trekke alle trådane inn i ein drøfting om barnets beste ved samvørsordningar i ein juridisk kontekst.

2 Metode

2.1 Om metode og metodevalg

I følge Dalland (2013) er metode redskapet vårt i møte med noko vi vil undersøke. Johannesen, Tufte og Christoffersen (2010) beskriver at for å finne ut av det ein vil undersøke, kan ein kan samle inn data sjølv ved å foreta ei empirisk undersøkning, ein får då primærdata. Ein kan også bruke sekundærdata, data som allerede eksisterar og er samla inn av andre. Litteraturstudie er ein metode der ein brukar primær eller sekundærdata for å finne informasjon om det ein undersøker (Johannesen et al, 2010). Innanfor litteraturstudie fins det vidare fleire ulike typar litteratur ein kan benytte seg av, der hovudskillet går mellom primærlitteratur som er forskningslitteratur skreve av forskaren sjølv (primærdata) og sekundærlitteratur (sekundærdata), som er litteratur basert på andre sin forskning.

I min oppgåve har eg valgt å bruke litteraturstudie som metode. Bakgrunnen for mitt valg er at det eksisterar mykje forskning av høg kvalitet på området som kan belyse min problemstilling på ein interessant og god måte. I tillegg vurderte eg at tiden eg hadde til rådighet, samt

begrensing i omfanget av oppgåva kunne gjere det utfordrande å få tid til å gjennomføre ei empirisk undersøking og få plass til den i oppgåva.

2.2. Framgangsmåte

I arbeidet med oppgåva har eg benytta meg av ulike databasar for å finne litteratur og relevant forskning på temaet samvær. Desse databasane er Oria, Academic Search Premier, Idunn og Norart. Eg brukte søkeorda ”Samvær”, ”Samværsrett”, ”Contact”, ”Contact AND birth parents”, ”Contact AND longterm placements”. Eg fekk treff på mange artiklar, men mykje av dette var urelevant stoff. Eg fant likevel boka *Samvær i barnevernsaker* av Havik og Haugli (2010). Denne boka er ei sekundærkjelde og refererte til mykje forskningslitteratur – primærkjelder – innanfor feltet som var relevant for min oppgåve og som eg ønska å benytte meg av (Fanshel og Shinn, 1978; Millham et al, 1986; Quinton et al, 1997; Cleaver, 2000; Havik og Moldestad, 2003; Beek og Schofield, 2004; Wilson og Sinclair, 2004; Howe og Steele, 2004; Moyers, Farmer, Limpscombe, 2006; Havik, 2007). Derfor søkte eg opp litteraturen og fant nokon artiklar på nettet, medan eg for det meste måtte få hjelp av biblioteket til å bestille inn resten av artiklane og bøkene som ikkje var tilgjengelege på nett.

2.3 Kjeldekritikk

I leseprosessen luka eg ut ein del artiklar, spesielt den eldste litteraturen, (Fanshel og Shinn, 1978; Millham, Bullock, Hosie, og Haak, 1986) var urelevant for meg å benytte i besvarelsen, fordi eg støttar meg til kritikken gjort av Quinton et al (1997), som er beskrevet i innleiinga. Til slutt sat igjen med tre artiklar som var spesielt relevante for mi oppgåve. Desse vil eg bruke aktivt i besvarelsen. Blant desse er Niel, Beek og Schofield (2003) og Beek og Schofield (2004) – basert henholdsvis på undersøkingane Niel (2000) og Schofield, Beek, Sargent, Thoburn (2000) – som ser på korleis ein kan handtere risikofaktorar ved samvær, og spesielt kva rolle fosterforeldre eller adoptiv foreldre har her. Videre vil eg benytte meg av Moyers, Farmer og Lipscombe (2006), som diskuterer funn frå sin undersøking av ungdom i fosterheim og deira samvær med biologiske foreldre, der artikkelen går i dybden på korleis samværet påverka ungdommen og fosterfamilien. Eg benyttar meg også av dei norske undersøkingane Havik og Moldestad (2003) og Havik (2007).

Eit svakheitsmoment ved litteraturen er at tre av artiklane er basert på forskning i England. Eg meiner likevel at det har overføringsverdi til det norske samfunnet, fordi vi har ein relativt lik kultur og mange fellestrekk mellom verdiar og normar i både det engelske og norske barnevernet. Eit anna svakheitsmoment er at artiklane eg har valgt å benytte meg av er

mellom 8 og 12 år gamle. Det er derfor mogeleg at det har kome nyare forskning etter desse vart skreve, men gjennom litteratursøk har eg ikkje funne det. Relativt fersk sekundærlitteratur eg har benytta meg av (Havik og Haugli, 2010; Bunkholdt, 2012) referer til dei nevnte artiklane eg brukar, derfor vurderer eg at artiklane held god kvalitet og fortsatt er aktuelle.

Eg har valgt å bruke mest primærlitteratur i den psykologiske delen av drøftinga, først og fremst fordi det gir ein høgare fagleg kvalitet på besvarelsen. Samtidig gir det meg ein mulighet til å forstå forskinga på min måte, samtidig som eg kan trekke inn problemstillinga medan eg leser forskinga. Eg har likevel valgt å bruke Havik og Haugli (2010) der dei har kome med gode poeng som eg ønska å benytte med av. Eg har også brukt sekundærlitteratur innanfor delar av oppgåva som omhandlar juss for blant anna å beskrive begrep og retningslinjer. Spesielt interessant er NOU 2012:5, som er retningsgivande i forhold til kva fylkesnemnda vektlegg i avgjerder om samvær. I den siste drøftingsdelen er Haugli (2000), om samværsrett, spesielt relevant i ein diskusjon om barnets beste.

3 Teori

3.1 Juridiske rammer

Det juridiske utgangspunktet for samvær når barnet er plassert i fosterheim etter barnevernlova (1992) § 4-12, er at barn og foreldre har ein lovfesta rett til samvær med kvarandre. Retten til samvær byggjer på ein generell oppfatning om at det har ein eigenverdi for barn å ha kontakt med sine foreldre (NOU 2012:5). Samværsretten mellom barn og foreldre er regulert i barnevernlova (1992) § 4-19, første og andre ledd:

”§ 4-19. Samværsrett. Skjult adresse

Barn og foreldre har, hvis ikke annet er bestemt, rett til samvær med hverandre.

Når det er fattet vedtak om omsorgsovertakelse, skal fylkesnemnda ta standpunkt til omfanget av samværsretten, men kan også bestemme at det av hensyn til barnet ikke skal være samvær. Fylkesnemnda kan også bestemme at foreldrene ikke skal ha rett til å vite hvor barnet er.

Samværsretten finn vi også i FNs barnekonvensjon 1989, artikkel 9 nr. 3 (Gording Stang, 2012, s.163);

”Partene skal respektere den rett et barn som er atskilt fra en eller begge foreldre har til å opprettholde personlig forbindelse og direkte kontakt med begge foreldrene regelmessig, med mindre dette er i strid med barnets beste.”

I følge Havik og Haugli (2010) har den Europeiske menneskerettighetskonvensjonen innhold som også har betydning for korleis ein vurderer spørsmål om samvær. Artikkel 8 vernar om retten til respekt for privatliv, medan artikkel 6 nr 1 vernar om retten til ein rettferdig rettsgang. Dette betyr at ein kan gjere innegrep i privatlivet, men det må vere i samsvar med lova og vere nødvendig utifrå nermare angitte formål, som beskyttelse av barnet sine rettar og frihet (Haugli og Havik, 2010).

3.1.1 Kven bestemmer kva?

Fylkesnemnda har fullmakt til å treffe vedtak om samvær og omfanget av samvær, eventuelt bestemme at det ikkje skal vere samvær, jmf. barnevernlova (1992) § 4-19, andre ledd.

Fylkesnemnda har også fullmakt til å kunne sette ulike vilkår for samvær dersom fylkesnemnda finn det nødvendig, og kan også bestemme om det skal vere tilsyn under samværet (Rutinehåndbok for kommunenes arbeid med fosterhjem, 2006). Omfang av samvær vil i følge Lindboe (2010) seie antal samvær i året, samt antal timar per samvær. I første omgang er det er barneverntjenesta som fremmer sak for fylkesnemnda om samvær, der barneverntjenesta legg fram eit forslag om ei samværsordning som støtter opp under målsetting med og antatt varighet av plasseringa (Rutinehåndbok for kommunens arbeid med fosterhjem, 2006). Dette skjer ofte i samband med omsorgsovertakelse etter barnevernlova (1992) § 4-12, men kan også skje dersom barneverntjenesta ser det hensiktsmessig å redusere omfang av samvær fastsatt ved tidlegare vedtak i fylkesnemnda (Haugli, 2000). I følge barnevernlova (1992) § 4-19, 5. ledd kan privat part kreve at sak om samvær skal behandlast på nytt i fylkesnemnda 12 månadar etter fylkesnemnda sitt forrige vedtak om samvær. I praksis betyr dette at foreldre kan kreve at saka vert behandla av fylkesnemnda ein gang i året. Videre har barneverntjenesta ved krav frå foreldrene plikt til å forberede og sende saka til fylkesnemnda, jmf. barnevernlova (1992) § 7-10, 2. ledd.

I følge Bunkholdt (2012) kan vi sjå på avgjerda til fylkesnemnda om samvær som ein minimumsavtale fordi barneverntjenesta aleine har fullmakt til å utvide samværsretten, medan forslag om innskrenkingar i samværsretten må opp til behandling i fylkesnemnda. Dette er for sikre ivaretakinge av rettssikkerheten til dei private partane og for å sikre ein høg fagleg kvalitet på vurderingane som ligg til grunn for vedtaket (Rutinehåndbok for kommunens arbeid med fosterhjem, 2006). Dersom offentleg eller privat part er uenige i vedtaket til fylkesnemnda, har dei rett til å anke saken innan ein månad etter fylkesnemnda sitt vedtak og bringe den inn for rettsleg overprøving i domstolen, jamfør barnevernlova (1992) § 7-24, der den i følge Lindboe (2012) vert behandla i lagmannsretten. Dersom foreldra er uenige i

avgjerda til lagmannsretten kan dei ta saken vidare til høgsterett, eller heilt øverst til den Europeiske menneskerettighetsdomstol i Strasbourg dersom foreldrene er uenige med høgsterett (Lindboe, 2012).

Når fylkesnemnda har fatta ei avgjerd, og det foreligg eit vedtak om samvær, har barneverntjenesta i samarbeid med barnet, foreldre og fosterforeldre, ansvar for den praktiske gjennomføringa av samvær, der det også skal utformast ein skriftleg samværsavtale i tråd med rammene fastsatt av fylkesnemnda (Runtinehåndbok for arbeid med fosterhjem, 2006).

3.1.2 Barnevernrettslege grunnsyn og prinsipp

Barnevernlova byggjer på fleire grunnsyn og prinsipp som blir ansett for å vere grunnleggande verdiar i samfunnet vårt (NOU 2012:5). Desse får på ulik måte betydning for korleis barnevernet og fylkesnemnda vurderer spørsmål om samvær, og utgjer saman med lovverket eit juridisk rammeverk for vedtak og avgjerder om samvær.

3.1.2.1 Det biologiske prinsipp

I følge Haugli (2000) byggjer det biologiske prinsipp på ein grunnleggande verdi i vårt samfunn om at det primære ansvaret for barna ligg hos dei biologiske foreldrene, og at foreldrene dermed har ein rett, men også ein plikt til å utøve dette ansvaret sjølv om det kan vere visse manglar ved omsorgsutøvelsen. Prinsippet kjem ikkje klart fram i lovteksten, men det kjem tydeleg fram gjennom bestemmelsen i lova om at inngripen frå barnevernet si side først og fremst skal skje i heimen utan å skille barnet frå foreldrene, og at det skal mykje til før bånd mellom barn og foreldre kan brytast heilt (NOU 2012:5). Lindboe (2012) formidlar at det biologiske prinsipp legg vekt på at foreldrene også er viktige for barnet sjølv om dei ikkje er i stand til å ha omsorgen. Dette kjem også fram i NOU 2012:5, som beskriver at lovforarbeid til samværsretten blant anna er basert på det biologiske prinsipp.

3.1.2.2 Mildaste inngrepsprinsipp

I følge Haugli (2000) går prinsippet ut på at ein ikkje skal iverksette meir omfattande tiltak etter enn det alvorlighetsgraden i situasjonen krever, og utdjupar at prinsippet kjem til uttrykk både på inngreps- og tiltakssida, både når det gjeld inngrepskriterier og kva tiltak som kan iverksettast og samanhangen mellom desse. Ein kan utifrå dette seie at mildaste inngrepsprinsipp vernar om det biologiske prinsipp.

3.1.2.3 Hensynet til barnets beste

I følge Haugli (2012) er barnets beste eit av barnekonvensjonen sitt mest sentrale og grunnleggande prinsipp, der det i artikkel 3 nr. 1 vert fastslått at hensynet til barnet skal kome i første rekkje og vere eit grunnleggande hensyn ved alle tiltak som berører barn. Dette gjeld også norsk lovgivning. Barnets beste er det einaste prinsippet, ved sidan av stabilitet og kontinuitet, som er nedfelt i barnevernlova og er regulert etter barnevernlova (1992) § 4-1;

”Ved anvendelse av bestemmelsene i dette kapitlet skal det legges avgjørende vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet. Herunder skal det legges vekt på å gi barnet stabil og god voksenkontakt og kontinuitet i omsorgen.”

Bunkholdt (2012) beskriver at ”barnets beste” er eit normativt begrep som ofte blir tolka på ulike måtar med ulikt innhald. Det kan derfor vere forvirrande og vanskeleg å vite kva betydning begrepet egentleg har. I følge Haugli (2012) er prinsippet utforma med lite konkretisering, fordi prinsippet skal kunne gjelde for alle barn i alle aldrar, i alle samanhengar over heile verden der menneske lever under ulike forhold og ulike kulturar. På denne måten kan vi alle ha vår eigen forståelse av kva barnets beste er, basert på kunnskap frå psykologi, normativt verdigrunlag og det enkelte barnet sin situasjon. Haugli (2012) formidlar at eit grunnleggande element ved barnets beste er respekt for barnet sitt fulle menneskeverd og integritet.

3.1.2.4 Stabilitet og kontinuitet

Prinsippa er regulert under barnevernlova (1992) § 4-1 som seier at det skal leggest vekt på god og stabil vaksenkontakt og kontinuitet i omsorgen ved alle vedtak som er heimla etter barnevernlova.

I følge Bunkholdt (2012) er kontinuitet opplevelse av ein samanhengande livshistorie, og forklarar vidare at opplevelse av kontinuitet påverkar identitetsutviklinga vår – vi er forma av fortida og har behov for å vite og forstå noko om korleis denne utviklinga har vore. Det betyr at barn som er plassert i fosterheim ofte har behov for kontakt og samvær med personar dei kjenner frå tidlegare for å ha nokon å dele sin historie med. Dette tilføyer Havik og Haugli (2012) sitt poeng om at menneske kan oppleve einsomhet på grunn av mangel på kontinuitet. Stabilitet blir definert slik av Bunkholdt (s. 18, 2012); *Stabilitet i omsorgen betyr at de menneskene barn og unge har rundt seg, gir omsorg i alle dens avskygninger på måter som gjør de voksne forutsigbare og til å stole på.* Prinsippa om stabilitet og kontinuitet er ikkje

alltid forneleg med kvarandre og kan vere vanskeleg å ivareta i alvorlege barnevernssaker (Havik og Haugli, 2010). Denne påstanden vil bli ytterlegare diskutert under drøftingsdelen.

3.2 Psykologisk teori

I følge NOU 2012:5 bør samvær leggest til rette på måtar som prioriterar hensynet til barnets relasjonelle forhold og mulighet for relasjonsutvikling, der den sentrale vurderinga bør vere om samværet vil støtte opp under eller motarbeide barnets arbeid med å endre sine grunnleggande antagelsar om seg sjølv og andre. NOU 2012:5 utdjupar at grunnleggande antagelsar i denne konteksten har nær samanheng med Bowlby sin teori om indre arbeidsmodellar, eit sentralt begrep i tilknytningsteori.

3.2.1 Tilknytningsteori

I følge Bunkholdt (2000) kan tilknytningsteori bidra til å forstå om og eventuelt i kva grad og på kva måte eit barn er knytta til sine omsorgspersonar. Bunkholdt (2000) formidlar vidare at barn er født med ein evne til å fange oppmerksomhet frå omsorgsgivarane sine for å kunne dekke dei grunnleggande behova, slik atferd vert kalla tilknytningsatferd. Korleis desse behova blir dekkja av omsorgsgivar, vil få betydning både for korleis kvaliteten på tilknytninga mellom barnet og omsorgsgivar utartar seg; kva barnet kan vente seg av trøst, omsorg, nærleik og tryggleik, om det nyttar å påkalle hjelp når det trengs, og kor trygt barnet oppfattar at verden er (Bunkholdt, 2000; Bunkholdt, 2012). I følge Bunkholdt (2012) er det dette som er innholdet i Bowlbys begrep indre arbeidsmodell, og formidlar vidare at den indre arbeidsmodellen vert så djupt forankra i barnet at den påverkar følelsar, tankar og atferd – ubevisst og automatisk, slik at den styrer korleis barnet oppfører seg og korleis dei nermar seg andre menneske. Den indre arbeidsmodellen formar barnet sin motivasjon for å organisere tankar og atferd på ein måte som gjer at dei når eit mål; opplevelsen av å bli beskytta (Zachrisson, 2012). Korleis den indre arbeidsmodellen utviklar seg i samspel med dei nære omsorgspersonane har derfor mykje å seie for barnets utvikling og psykiske helse på kortare og lengre sikt. Zachrisson (2012) viser til objektrelasjonsteori, og formidlar at barn for alvor startar å etablere tilknytning til omsorgsgivar ved seks månaders alder.

3.2.2 Tilknytningsmønster

Bunkholdt (2012) viser til Mary Ainsworth som observerte og studerte barns tilknytningsatferd. Basert på studiet klassifiserte ho tilknytningskvalitet i tre ulike tilknytningsmønster, trygg (type B), to utrygge (den unnvikande, type A og den ambivalente,

type B) (Zachrisson, 2012). Barn med trygg tilknytning har gjerne ein klar oppfatning av at omsorgsgivar vil reagere på ein måte som kjennes trygg og påliteleg når barnet har behov for dette, fordi omsorgsgivar er forutsigbar, tilgjengeleg og beskyttande ovanfor barnet sine signal. Barn med utrygg, unnvikande tilknytning har gjerne opplevd omsorgsgivaren som generelt følelsmessig utilgjengeleg, der den indre arbeidsmodellen blir prega av låge forventingar om å bli ivaretatt, forestillingar om seg sjølv som lite verd, og at ein bør styre unna andre menneske for å ikkje bli avvist. Videre har barn med utrygg, ambivalent tilknytning ofte opplevd omsorgsgivar som uforutsigbar, der omsorgsgivar har vore skiftande i sensitivitet ovanfor barnet sine signal. Barnet kan somme tider oppleve å få gode svar på sin tilknytningsatferd, og andre tider kan barnet oppleve at omsorgsgivar ikkje er tilgjengeleg psykisk eller fysisk. Det betyr at barn med ambivalent tilknytning ikkje veit kva det kan forvente av omsorgsgivar (Bunkholdt, 2012; Zachrisson, 2012). Bunkholdt (2012) viser til Main og Solomon (1986) som la til eit fjerde tilknytningsmønster, desorganisert tilknytning (type D). Barn med desorganisert tilknytning har ofte hatt eit omsorgsmiljø som har vore prega av uforutsigbarhet og/eller mishandling og alvorleg vanskjøtsel, der dei på den eine sida har opplevd omsorgsgivar som ein alvorleg trussel og som den einaste kjelda til trygghet på den andre sida. Desse barna har ingen strategiar for å redusere utryggheten og må derfor leve i frykt utan ei løysing (Bunkholdt, 2012; Zachrisson, 2012).

3.2.3 Trygg Base

Alle barn treng sensitiv omsorg for å kunne utvikle trygg tilknytning. I alvorlege barnevernssaker med langvarig plassering som følge, har barneverntjenesta vurdert at foreldrene utøvar omsorgen ovanfor barnet på ein slik måte at det er til skade eller kan vere til skade for barnet si helse og utvikling, jmf. barnevernlova (1992) § 4-12. Dersom barnet har fått tid til å etablere ei tilknytning til foreldrene før flytting til fosterheim, bærer tilknytningen ofte preg av eit unnvikande, ambivalent eller desorganisert tilknytningsmønster. Slike tilknytningsmønster er ein stor risikofaktor for utvikling av psykiske plager, og derfor er det viktig å hjelpe barna til å etablere ein trygg tilknytning. Denne oppgåva kan vere vanskeleg, og varierer utifrå kor skada barnet er (Bunkholdt, 2012). Derfor treng desse barna ekstra sensitiv omsorg for å kunne ha mulighet til å endre sine tilknytningsmønster og dermed sine indre arbeidsmodellar når dei kjem til eit nytt omsorgsmiljø i fosterheimen (Zachrisson, 2012). I følge Bunkholdt (2012) har barnet ein trygg base når barnet har oppnådd ein meir eller mindre trygg tilknytning til fosterforeldrene, der dei stolar på fosterforeldrene og opplever dei som ein ”trygg havn” der dei kan få trøst og beskyttelse.

4 Drøfting

Målet med denne oppåva er å belyse problemstillinga;

”Korleis kan fylkesnemnda i tråd med barnets beste ta avgjerder om samvær mellom foreldre og barn i langvarige plasseringar?”

Som eg var inne på tidlegare under disposisjonen i innleiinga, vil eg dele drøftinga opp i to delar for å oppnå dette målet. Eg gjentek at eg først vil presentere ei rekkje forskingsfunn innanfor psykologi om gevinst og risiko ved samvær. Denne delen vil altså gi innhald til korleis vi kan forstå eller vurdere begrepet barnets beste ved samvær i ein psykologisk kontekst.

Den andre drøftingsdelen vil som tidlegare nevnt vere ein forlengelse av både dei juridiske rammene og psykologisk teori under teoridelen, der eg vil eg gjere eit forsøk på å trekke alle trådane inn i ein drøfting om barnets beste.

4.1 Gevinst eller risiko ved samvær?

Samvær mellom barn og foreldre kan potensielt vere ei bra ordning som kan hjelpe barnet i å handtere vanskelege følelsar som handlar om identitet og tilhørighet. Samvær kan også bidra til at barnet kan oppretthalde eller utvikle eit forhold til foreldrene som er bygd på ein realistisk oppfatning av kven foreldrene er, og hjelpe dei til å finne ut av kven dei sjølve ønskjer å vere for foreldrene (Beek og Schofield, 2004). Nokon studier har også vist at samvær kan bidra til at barnet forstår kvifor det var nødvendig med omsorgsovertakelse (Moyers, Farmer og Limpscombe, 2006; Havik, 2007).

På den andre sida kan samvær også vere vanskeleg. Flerie studier (Havik, 2007; Wilson og Sinclair, 2004; Selwyn, 2004; Moyers et al, 2007) har funne at mange barn kan oppleve at vonde og smertefulle minner og følelsar kan komme fram igjen før, under og etter samvær. I to studier (Wilson og Sinclair, 2004; Moyers et al, 2006) rapporterte nokon fosterforeldre at barna kunne reagere med regresjon til barnsleg atferd, bli frekk, nokon barn reagerte med mareritt, medan andre vart forvirra og fortvila i forbindelse med samvær med foreldrene.

I følge Havik og Haugli (2010) er det i dag ein generell oppfatning blant det barnevernfaglege miljøet at samvær vil virke ulikt for ulike barn i ulike situasjonar, og det kan vekke både positive og negative følelsar for barnet. I gjennomgang av litteratur har eg funne ei rekkje faktorar som kan påverke korleis samvær kan virke for barnet, i positiv eller negativ reting.

Kva faktorar som får utslag, og korleis dei får utslag vil vere ulikt frå barn til barn, derfor fins det ingen oppskrift på kva som vil vere til det beste for det enkelte barnet. Denne drøftinga vil reflektere over kva begrepet barnets beste *kan* inneholde i ei samværsordning.

4.1.1 Forhold ved barnet

4.1.1.1 Alder og tilknytning

Beek og Schofield (2004) formidlar at barn i ulike aldrar treng ulike samværsordningar, og ulik type støtte for å handtere samvær. I følge Moyers, Farmer og Lipscombe (2006) vil alderen til barnet spele inn på korleis samværet virkar ved at ulik alder gir ulike kognitive utgangspunkt for å gjere seg tankar om kvifor plasseringa var nødvendig, og refleksjon om det som har skjedd og skjer i relasjonen til foreldrene. Alderen til barnet ved plassering vil også gi ein indikator på om tilknytning til foreldrene er etablert, der styrken på tilknytning ofte er mindre for spedbarn enn eldre barn ved plasseringstidspunktet (Havik og Haugli, 2010).

Liknande funn er også gjort av Niel, Beek og Schofield (2003) og Moyers et al (2006), som viser at separasjonen frå biologiske foreldre kan bli opplevd som ein større belastning jo eldre barnet er, jo fleire minner barnet har frå oppveksten med foreldrene sine, og jo sterkare tilknytningen til foreldrene er. Sterk tilknytning kan vidare føre til følelse av tap og sorgreaksjonar for barnet, sjølv om tilknytningsmønsteret er unnvikande, ambivalent eller desorganisert (Niel et al, 2003). Barn som har fleire bevisste minner frå oppveksten sin kan i varierende grad bli fanga av kompleksiteten i situasjonen sin, og av samansatte følelsar som lengsel, lettelse, forståelse, skyld, sinne og avmakt (Havik og Haugli, 2010). I følge Niel et al (2004) kan det vere vanskeleg for eit barn å forstå og prosessere informasjon om situasjonen sin på eigenhand, derfor er det viktig å skape rammer for samværet som kan hjelpe barnet til å handtere følelsane dei fører med seg.

Barn kan også ha behov for å endre samværsordninga i takt med alder, tilknytning, utvikling og interesser. Det kan for eksempel gjelde barn som vart plassert som små, som seinare vert interessert i å finne meir ut om røttene sine og bli betre kjent med foreldrene når dei vekst til, eller i motsatt retning – barnet kan miste interessen og tilknytningen til foreldrene eller miste behovet for samvær av andre grunnar. I andre saker kan barn vere traumatisert av foreldrene ved plassering, og av den grunn ikkje har samvær på grunn av fare for retraumatisering. Desse barna kan seinare utvikle eit behov for å treffe foreldrene igjen som ein del av ein bearbeidingsprosess, når barnet eller ungdommen er klar for dette (Beek og Schofield, 2004; Havik og Haugli, 2010; Haugli, 2000). Det er viktig at barneverntjenesta er observant for slike endringar hos barnet slik at ein kan justere samværsordninga opp – eller ned ved å fremme

sak for fylkesnemnda. Her er det derfor viktig at ein legg til rette for medvirkning, der barnet kan få anledning til å seie sine meiningar om samværsordninga. Fylkesnemnda si første avgjerd er derfor ikkje urokkeleg, og det kan vere viktig å tenke på når fylkesnemnda skal ta avgjerda også. I staden for å tenke langt fram i tid, burde ein kanskje sjå på barnets behov for samvær ved det aktuelle tidspunktet når fylkesnemnda fattar avgjerda. I undersøkelsen Havik (2007) hadde 66% av eit utvalg på 867 fosterfamiliar endra samværsordninga i løpet av eitt år. Det er beskrivande for kor fort behova barn har for samvær kan endre seg, og at det er ganske vanleg med endring av desse behova.

4.1.1.2 Tilknytningsmønster

Kva tilknytningmønster barnet har til foreldrene kan også påverke barnets fungering både tiden før, under og etter samværet, i tillegg til fungering generelt. Det fins fleire funn (Wilson og Sinclair, 2004; Beek og Schofield, 2004; Moyers et al, 2006; Howe og Steele, 2004) på at samvær som opprettheld uheldige tilknytningsstrategiar til foreldrene, kan bidra til å svekke stabiliteten i fosterheimen.

Undersøkelsen Moyers et al (2006) fant ved oppfølgingstidspunktet etter 1 år at 57 % av eit utvalg på 68 ungdommar fortsatt opplevde vanskar i forbindelse med samvær, der den største årsaken var komplekse relasjonar til foreldrene. Desse ungdommane hadde regelmessig samvær med foreldre som var enten avvisande, distanserte, uforutsigbare, av og til omsorgsfulle, energiske og impulsive – eller kunne veksle mellom desse måtane å vere på. Nokon av desse ungdommane hadde til tross for dette eit sterkt behov for å treffe foreldrene, og eit sterkt behov for annerkjennelse frå dei. Eg gjer meg tankar om at dette kan skyldast uløyste tilknytningsproblem hos ungdommane, der ungdommen ikkje har fått hjelp til å forstå foreldrene sin måte å vere på og korleis det påverkar dei sjølve. Dersom foreldrene vekslar mellom ein omsorgsfull måte å vere på, for seinare å avvise – kan dette opprettholde eller utvikle eit ambivalent tilknytningsmønster hos barnet eller ungdommen (Bunkholdt, 2012), medan andre atferdsmønster kan opprettholde utrygge eller desorganiserte tilknytningsmønster.

Eit eksempel frå Beek og Schofield (2004, s. 133) illustrerer godt denne korleis problematikken kan bli løyst på ein god måte. Ei jente på 13 år hadde hatt eit veldig innvikla forhold til mor si, der fosterheimen og saksbehandlar hadde vurdert at det var best med sterk begrensing i samvær med mor fordi dei ønska å beskytte jenta mot avvisning. Dette hadde til slutt ført til utilsikta flytting. Hennar noverande fostermor forstod at jenta hadde eit stort

behov for å utforske relasjonen til mor sjølv om det var ein viss risiko ved dette. Jenta vart gitt frihet med trygge rammer for å kunne gjere dette, der ho fekk lov til å overnatte ei natt hjå mor ein gang i månaden, der fostermor samtidig var sensitiv for reaksjonane til jenta og signaliserte at ho var tilgjengelig for samtalar. Som eit resultat av dette mista jenta gradvis sin trang til å utforske relasjonen til mor, fordi mystikken og fascinasjonen gradvis gjekk vekk då ho vart betre kjent med henne og oppdaga at det ikkje var så mykje å hente av annerkjennelse. Jenta vart på denne måten i stand til å vere meir avslappa med hensyn til mor og kunne dermed falle til ro i fosterheimen og kvardagslivet ellers. Beek og Schofield (2004, s.133) siterer fostermora: *"I think if you put a block on something that someone wants to do, they want to to it even more"*.

Kanskje det handlar om å gi ungdom som har slike sterke behov, anledning til å sjå ting med eigne auge. Likevel må ein vurdere kvar grensa går mellom frihet til utforsking og beskyttelse mot risiko. Dersom barnet blir beskytta for mykje med tanke på risiko, kan barnet også utvikle fantasifulle og urealistiske bileter i hovudet – enten i glorifiserande eller demoniserande retning, der desse tankane kan få stor plass i kvardagen til barnet eller ungdommen (Moyers et al, 2006; Havik og Haugli, 2010; Beek og Schofield, 2004; Wilson og Sinclair, 2004). Samvær er eit verkemiddel som kan bidra til at barnet får anledning til å nøytralisere biletet av forelderen, men i saker der det er for stor risiko med samvær bør ein forsøke å finne andre måtar å hjelpe barnet til å nøytralisere det urealistiske biletet dei har av foreldrene eller forelderen (Havik og Haugli, 2010).

Når barn og ungdommar har uheldige tilknytningsstrategiar til foreldrene, treng dei hjelp til å forstå foreldrene sine handlingar og korleis dei sjølv håndterer sine eigne opplevsjar av avvisning og tap. Dette kan hjelpe dei til å bygge opp ein følelse av eigenverd på tross av vonde erfaringar frå foreldrene, der dei vidare kan få anledning til å inngå i nye og meir positive relasjonar og vidare utvikle ein trygg base hos fosterforeldrene (Moyers et al. 2006). Dette har samband med den indre arbeidsmodellen som eg har nevnt tidlegare. Fylkesnemnda må derfor vurdere korleis ein samværsordning kan bidra å endre den indre arbeidsmodellen på ein slik måte og dermed tilpasse samværsordninga deretter, eller vurdere om samvær kan hindre at barnet får ein slik mulighet.

4.1.1.3 Barnet sine spesielle behov

Barn kan ha spesielle behov for sensitiv og tilrettelagt omsorg, som følge av medfødte skadar, skadar som følge av omsorgssvikt før plassering eller ein kombinasjon av desse (Bunkholdt,

2012). Dette kan gjere barnet ekstra sårbart for påkjenningar under samvær, spesielt dersom dei har har skadar som følge av alvorleg omsorgssvikt eller mishandling frå foreldrene. På grunn av dette er det ekstra viktig å vurdere om det vil vere hensiktsmessig med samvær, og eventuelt vurdere om samvær kan bidra med noko positivt for barnet (Havik og Haugli, 2010).

I følge Howe og Steele (2004) er det svært risikofylt for barn som har opplevd mishandling eller seksuelle overgrep frå foreldre, å ha samvær med den som har mishandla. Artikkelen beskriver at barn kan bli retraumatiserte ved å treffe den mishandlande på samvær, sjølv om samværet ikkje utset barnet for ny mishandling eller overgrep. Alvorleg mishandla barn som føler seg utrygge og usikre, som ikkje får hjelp til å handtere utryggheten – men istaden vert eksponert for den mishandlande på samvær, kan utvikle eller opprettholde psykologiske forsvarsmekanismar som kan komme til uttrykk gjennom aggressive, avvisande, kontrollerande, distanserende eller seksuelle atferdsmønster hos barnet (Howe og Steele, 2004).

På den andre sida kan samvær med ein mishandlande forelder i nokon tilfeller gi gevinst for barnet, gitt at det er trygge rammer og rette omstende for samværet. Howe og Steele (2004) formidlar at gevinst blant anna kan vere i form av at barnet kan få anledning til nøytralisere eit urealistisk bilete dei har av den mishandlande forelderen. Eit slikt samvær krevjer likevel sikringstiltak, der Howe og Steele (2004) formidlar at det bør vere ein vaksen til stades ved samværet som barnet har ein trygg tilknytning til og stolar på – slik at barnet har ein trygg base å gå til ved behov, men også fordi den vaksne vil kunne lese barnet og avbryte samværet dersom dei ser at barnet vert utrygt. Dersom ein slik person er til stades ved samværet, vil det også vere nyttig etter samværet fordi den vaksne vil kunne støtte og snakke med barnet på ein annan måte enn dersom han eller ho ikkje har vore med på samværet.

4.1.2 Forhold ved foreldrene

Beek og Schofield (2004) fant i sin studie at foreldre sine haldningar til plasseringa påverkar korleis samvær fungerer for barnet, og at det er viktig at foreldre kan reflektere på eit visst nivå over kvifor dei ikkje kan ha omsorgen for barnet, der dei ikkje er aggressive eller føler seg urettferdig behandla, men heller har barnets behov i fokus og støtter opp under plasseringa. Haugli og Havik (2010) har også eit slikt standpunkt der dei formidlar at det er viktig å vurdere om foreldrene sin måte å vere på under samvær støttar opp under barnets behov, og om dei aksepterar plasseringa. Både Haugli og Havik (2010) og Beek og Schofield (2004)

formidlar at dersom foreldre stadig motarbeidar plasseringa og ikkje vil gje slepp på barnet, kan det føre til at barnet opplever ein alvorleg lojalitetskonflikt, eller det kan føre til at barnet ikkje klarer å slå seg til ro i fosterheimen. I slike saker bør ein vurdere om ein skal begrense eller oppheve samvær heilt.

I følge NOU 2012:5 er det også viktig å vurdere om foreldrene vil vere i stand til å bidra konstruktivt til relasjonsutviklinga mellom barnet og fosterforeldrene, og gi barnet ”lov” til å danne nye psykologiske foreldre. Eit type atferdsmønster hos foreldrene som kan hindre dette, er å stadig trekke barnet til seg med sterke lojalitetsband som ikkje gir barnet anledning til å finne ein plass i fosterheimen (NOU 2012:5). For nokon foreldre kan dette vere veldig vanskeleg, og flerie vil kunne trenge emosjonell støtte for å kunne ”gi slepp” på barnet slik at barnet får mulighet til å danne tilknytning, fri frå lojalitetskonflikter (Havik og Haugli, 2010).

Havik og Haugli (2010) formidlar at det er viktig å undersøke kva muligheter og ressursar foreldrene har for å kunne forholde seg til ein samværsavtale. Har dei rusproblem eller alvorlege psykiske vanskar som kan føre til at det er risiko for at dei ikkje møter på samvær? Havik og Haugli (2010) påpeikar også at fylkesnemnda bør vurdere i kva grad støtte og praktisk hjelp vil sikre at samværsavtalen blir overholdt. Moyers et. al (2006) fant at barn som opplevde at foreldrene ikkje møtte på samvær ofte følte seg avvist, der det kunne føre til at barnet fekk reaksjonar som sinne og usikkerhet. Dette er vart også funne hos studien Beek og Schofield (2004) der barn opplevde samvær som stressande og angstframkallande dersom dei var usikre på om foreldrene ville komme på samvær eller ikkje.

Det vanleg at fosterbarn kan føle bekymring for foreldrene sine, spesielt dersom foreldrene har ulike problem dei strevar med i kvardagen. Denne bekymringa gjeld spesielt for barn som har hatt ein foreldrerolle i familien før plassering. Desse barna vil få eit godt utbytte av å treffe foreldrene og sjå at dei har det bra, dersom det er eit reelt tilfelle at dei har det bra. Dersom ein tydeleg kan sjå på samvær at foreldrene strevar, kan det føre til at barnet får nye bekymringar (Schofield og Stevenson, 2009; Havik og Haugli, 2010). Fylkesnemnda må då vurdere kva rammer ein kan benytte seg av for at barnet på best mulig måte kan bli frigjort frå bekymringar – og om samvær hindrar eller bidreg til dette.

4.1.3 Forhold ved fosterforeldrene

Fleire studier (Beek og Shofield, 2004; Havik, 2007; Moyers et. al, 2006) har understreka betydningen av fosterforeldre som ein trygg base før, under og etter samvær. Det kan derfor vere nyttig for fylkesnemnda å vurdere kva forhold ved fosterforeldrene som kan ha

betydning for det enkelte barnet ved samvær og korleis ein kan bruke fosterforeldrene som ein del av rammene ved samvær. Likevel er det sjeldan at barnet har blitt tildelt fosterforeldre medan avgjerda i fylkesnemnda pågår, med mindre det har vore ei akutt plassering der sak om omsorgsovertakelse etter § 4-12 vert tatt opp til fylkesnemnda etter akutt plasseringa. Derfor vurderer eg at det kan vere nyttig for barnet at nemnda setter kriterier for kva eigenskapar fosterforeldrene bør ha med hensyn til spesielle behov hos barnet. I saker der ein veit kven fosterforeldrene, er som til dømes i saker der ein skal redusere omfang av samvær i fylkesnemnda, kan ein vurdere direkte korleis fosterforeldrene sine eigenskapar har betydning for samvær.

Studien Beek og Schofield (2004) har identifisert ei rekkje faktorar ved fosterforeldre som kan ha betydning for korleis barnet opplever samværa. Ein av faktorane er om fosterforeldrene bidreg til at barnet føler seg som ein fullverdig og inkludert del av familien, slik at dei opplever å ha ein trygg base. I nokon saker i studien kunne dette bety at fosterforeldre som var til stades under samværet reduserte utrygghet hos barnet både under sjølve samværet og ellers i kvardagslivet. Videre har det i følge Beek og Schofield (2004) betydning om fosterforeldrene er i stand til å støtte at barnet kan føle tilhørighet både hos dei og den biologiske familien. Beek og Schofield (2004) formidlar vidare at eigenskapar som å kunne snakke og tenke åpent med barnet om biologiske foreldre, der fosterforeldrene anerkjenner deira styrker og svakheiter, og samtidig vere i stand til å formidle at dei forstår og aksepterer barnet sine positive og negative følelsar ovenfor foreldrene sine – er positivt for barnet sitt arbeid med å handtere komplekse følelsar. Dersom fosterforeldre har eit konfliktfylt forhold til dei biologiske foreldrene kan det vere uheldig for barnet, fordi barnet kan få satt lojaliteten sin på prøve (Beek og Schofield, 2004; Schofield og Stevenson, 2009)

4.2 Barnets beste?

I avsnittet over om *gevinst eller risiko* har eg forsøkt å drøfte korleis samvær kan virke for ulike barn i ulike situasjonar, og har dermed gitt ein psykologisk tilnærming til korleis ein kan forstå barnets beste ved ei samværsordning. Det er viktig å vurdere kvart enkelt barn opp mot slike faktorar for å forsøke å predikere korleis utfallet kan bli, for å tilnærme seg det enkelte barnets beste ved samværsordningar. I følge Haugli (2000) er det barneverntjenesta eller ein sakkyndig psykolog som gjer ei slik vurdering, der denne vurderinga vert lagt fram for fylkesnemnda.

Den psykologiske og juridiske barnets-beste vurderinga i fylkesnemnda er ikkje nødvendigvis samanfallande, hevdar Haugli (2000). Avgjerder om samvær blir tatt innanfor juridiske rammer, der lovgrunnlaget og rettslege prinsipp set forutsetningar for avgjerda. I tråd med mildaste inngreps prinsipp skal ein ikkje gjere større inngrep i retten til samvær mellom barnet og dei biologiske foreldrene enn nødvendig. I følge Haugli (2012) er inngrep i samværsretten også eit inngrep i ein grunnleggande menneskerettighet for både foreldre og barn – eit poeng som er i tråd med det biologiske prinsipp.

Dette betyr at hensynet til barnets beste, nedfelt i barnevernlova (1992) § 4-1 er avgjerande, men kun innanfor juridiske rammener. Ei vurdering av kva som er best for barnet, er derfor ikkje ei fri vurdering, men ei vurdering som må ha lova sine vilkår som eit utgangspunkt. Det er altså ikkje tilstrekkeleg å iverksette ei begrensing i samværsretten, etter ei totalvurdering om at det vil vere til det beste for barnet, dersom ikkje lova sine vilkår for begrensinga er oppfylt (Haugli, 2000). Dette kjem også fram i NOU 2012:5 (2012, s.104), som formidlar at varig eller langsiktig omsorgsovertakelse i seg sjølv ikkje er ein tilstrekkeleg grunn til å nekte samvær, og at det krever sterke grunnar for å nekte samvær eller begrense samvær så mykje at barnet i realiteten blir fratatt retten til å bli kjent med sine foreldre. For å forstå kva ein meinar med sterke grunnar for begrensing, må ein ha ein psykologisk tilnerming.

Likevel seier barnevernlova (1992) § 4-1 at det skal leggest avgjerande vekt på hensynet til barnets beste. Det betyr at i saker der hensynet til barnets beste kjem i konflikt med det biologiske prinsipp eller andre hensyn – så vil hensynet til barnets beste vege tyngst.

4.2.1 Stabilitet og kontinuitet

I barnevernlova (1992) § 4-1 er det juridiske føringar for kva ein skal legge vekt på i valg av tiltak etter barnets beste; å gi barnet stabil og god vaksenkontakt og kontinuitet i omsorgen. Som nevnt under teoridelen, handlar stabilitet om god og utviklingsfremmande omsorg, medan kontinuitet handlar om opplevelse samanheng i livet der ein har behov for å ha kontakt med personar ein har kjent heile livet. I alvorlege barnevernsaker kan det vere ein utfordring å ivareta begge desse behova. Ein skal først sørge for at barnet får stabil omsorg i fosterheimen, der fosterforeldrene gjennom god omsorg skal hjelpe barnet til å endre den indre arbeidsmodellen. I nokon tilfeller kan det vere nyttig å bruke dei biologiske foreldrene i denne prosessen, og på denne måten ivareta behovet for kontinuitet. I andre tilfeller kan foreldrene ha så store vanskar med seg sjølv, og vanskelege følelsar som følge av separasjonen – at det kan bli vanskeleg å oppretthalde kontinuiteten på grunn av at det kan true barnet sitt arbeid

med å endre den indre arbeidsmodellen. Eg har i diskusjonen *gevinst eller risiko* skissert situasjonar der det vil vere hensiktsmessig å bryte kontinuiteten og begrense samvær sterkt.

4.2.2 Barnet sin meining

NOU 2012:5 legg fram at hovedmålsettinga ved samvær må vere at samvær fungerer best ut frå barnet sine følelsar, interesser og behov. For å få fram denne informasjonen er barnet si meining ei sentral kjelde. Barnet sin generelle rett til medvirkning er nedfelt i barnevernlova (1992) § 4-1, 2.ledd. Dette er ytterlegare poengtert i barnevernlova (1992) § 6-3, 1. ledd:

”Et barn som er fylt 7 år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, skal informeres og gis anledning til å uttale seg før det tas avgjørelse i sak som berører ham eller henne. Barnets mening skal tillegges vekt i samsvar med barnets alder og modenhet.”

Barnet er den som kjenner siuasjonen sin best, og kan derfor i mange saker belyse situasjonen på ein god måte. Samtidig vil det vere viktig at ein ikkje går imot barnet sine ønskjer når det gjeld samvær, med mindre det er i strid med det fylkesnemnda meiner er til barnet sitt beste (Haugli, 2000). I saker som skal opp til fylkesnemnda får barnet ein eigen talsperson som skal formidle hans eller hennar meining. Ein må då forsøke å vurdere kva meiningen til barnet byggjer på, og kor gjennomtenkt den er for å vurdere kor stor vekt ein skal tillegge meininga. Av og til seier barn noko anna enn dei egentleg meiner på grunn av redsel for å såre nokon, eller fordi dei har blitt fortalt kva dei skal seie av nokon andre eller blitt trua. I andre tilfeller kan barnet ha ein urealistisk oppfatting av kva som er best for dei sjølve, spesielt der det er vanskelege tilknytningsmønster til foreldrene eller foreldereren. Utifrå ei slik vurdering justerar fylkesnemnda sin vurdering, og legg den saman med ei vurdering av barnets beste. Med i denne vurderinga, formidlar Haugli (2000) at konsekvensane av at det vert fastsatt ei samværsordning som er i strid med barnet sitt eige ønskje også blir vektlagt.

4.2.3 Mildaste inngrepsprinsipp

Eit interessant moment ved mildaste inngrepsprinsipp, er spørsmålet om korleis fylkesnemnda stiller seg til grenseoppgangen mellom barnet sitt behov for samvær og barnet si tålegrense for samvær. Ein skal med hensyn til mildaste inngrepsprinsipp ikkje sette inn meir inngripande tiltak enn nødvendig. Men kva legg ein i at ein ikkje skal sette inn meir inngripande tiltak enn nødvendig? Dette kan ha fleire betydingar utifrå kva verdisyn, normativt grunnlag og fagleg kunnskap den enkelte personen som vurderer har. Dersom ein har eit rettighetsperspektiv sett frå foreldrene si side, vil ein kanskje kunne trekke strikken tett

opp til barnets tålegrense. Dersom ein har barnet sitt behov for stabilitet i kvardagen som eit utgangspunkt for vurderinga, vil ein legge vekt på barnet sitt behov for samvær. Dette betyr at slike juridiske vurderingar i høg grad er basert på skjønn. Men kva forutsetning har fylkesnemnda som skal ta avgjerder, når det gjeld å anvende skjønn på ein god måte? Blir skjønn anvendt i tråd med barnets beste? Ein har heimel til å ta avgjerder i tråd med barnets beste, jmf. barnevernlova (1992) § 4-1, i tillegg veg hensynet til barnets beste tyngre enn dei andre prinsippa som er nevnt i oppgåva. Det sentrale spørsmålet når det gjeld anvendelse av skjønn er i følge Haugli (2000) om fylkesnemnda sitt normative grunnlag, verdi- og kunnskapsgrunnlag harmonerer med det ein innanfor psykologien meiner om kva som fremmer barn sin utvikling, og kva som er skadeleg. Likevel kan det vere vanskeleg å vite kva som faktisk er det beste for barnet, sjølv om ein har mykje kunnskap om psykologi. Diskusjonen om *risiko og gevinst* gir nokon peikepinnar, med den seier ikkje noko om kvar dei juridiske grunsene går. Slik eg forstår Haugli (2000) fins det lite retningslinjer for dette, då det er vanskeleg å trekkje tydelege grenser på eit så komplekst felt. Derfor må ein forsøke å blande saman magefølelse, psykologisk kunnskap om risiko og gevinst – opp mot det enkelte barn-foreldre relasjonen for å forsøke å finne ut kva som vil framstå som den beste løysinga, eller kva som framstår som løysinga med minst skade.

Slik eg ser det, har vi derfor eit lovgrunnlag for å ivareta barns interesser, men ein må ha ein god grunn basert på psykologisk fagkunnskap for å kunne begrense samværsretten. Dette legalitetsprinsippet meiner eg også vil vere til barnets beste, då ein ubegrunna begrensing i samværsretten ikkje nødvendigvis vil tjene barnet. utfordringa ligg i om fylkesnemnda som tek avgjerda har den nødvendige informasjonen og kunnskapen for å anvende skjønn på ein god måte, i tråd med barnets beste. Eg meiner derfor at god kunnskap og eit godt verdigrunnlag hos det enkelte medlemmet i fylkesnemnda, kanskje er det som skal til for å sikre at barnets beste faktisk blir ivaretatt.

5 Oppsummering

I denne oppgåva har eg belyst lovgrunnlaget for samvær, samt psykologisk teori som grunnlag for fylkesnemnda si vurdering av korleis samværsordninga bør vere. Videre har eg drøfta gevinst og risiko ved samvær i lys av forskning innanfor psykologi og barnevernsfag. Her diskuterte eg korleis ulike faktorar kan påverke ulike barn i ulike aldrar, med tanke på korleis samværet vil virke for barnet. Det er tydeleg at det ikkje fins noko fasitsvar på korleis samvær vil virke, då det er eit komplekst samspel av mange faktorar som påverkar kvarandre.

Derfor kan det vere vanskeleg å vite kva som vil vere den beste samværsordninga når fylkesnemnda skal ta ei avgjerd.

Videre har eg sett på det korleis det juridiske rammeverket i fylkesnemnda legg til rette for ei avgjerd basert på barnets beste. Eg kom fram til at barnets beste er det avgjerande hensynet, men ein kan likevel ikkje gjere store begrensingar utan ein særskilt grunn for dette – her kjem den psykologiske vurderinga om risiko inn. Til slutt kom eg fram til at den faktiske utfordringa for om barnets beste blir ivaretatt i avgjerder i fylkesnemnda, er om dei som skal fatte avgjerda har nok informasjonsgrunnlag og nødvendig kunnskap for å gjere dette.

6 Kjelder

Barnevernlova (1992). Lov om barneverntjenester. Henta frå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernlov>

Beek, M.& Schofield, G. (2004): Promoting security and managing risk: Contact in long-term foster care. I: E. Niel & D. Howe (Eds.), Contact in adoption and permanent foster care. Research, theory and practice. London: BAAF.

Bunkholdt, V. (2012): Fosterhjemsarbeid. Fra rekruttering til tilbakeføring. Oslo: Gyldendal.

Bunkholdt, V. (2000): Utviklingspsykologi. Otta: Universitetsforlaget.

Cleaver, H. (2000): Fostering family contact. London: The stationary office.

Dalland, O. (2013): Metode og oppgaveskriving. Oslo: Gyldendal.

Fanshel, D. og Shinn, E. B. (1978): Children in foster care. A longitudinal investigation. New York: Colombia university press.

Gording Stang, E. (2012): Barns rett til familie og omsorg, særlig om barnevernet. I: E. Høstmælingen, N., Kjørholt, E., og Sandberg, K. (Eds.), Barnevkonvensjonen. Barns rettigheter i Norge. Oslo: Universitetsforlaget.

Havik, T., og Haugli, T. (2010): Samvær i barnevernssaker. Psykologiske og juridiske vurderinger. Oslo: Universitetsforlaget

Havik, T. (2007): Slik fosterforeldre ser det – II. Resultat fra en kartleggingsstudie I 2005. Bergen: Unifob helse, barnevernets utviklingssenter på vestlandet.

Havik, T. og Moldestad, B. (2003): Etter plasseringen: Samvær og samarbeid. I: E. Backe-Hansen, E. (Eds.), Barn utenfor hjemmet. Flytting i barnevernets regi. Oslo: Gyldendal.

Haugli, T. (2012): Hensynet til barnets beste. I: E. Høstmælingen, N., Kjørholt, E., og Sandberg, K. (Eds.), Barnekonvensjonen. Barns rettigheter i Norge. Oslo: Universitetsforlaget.

Haugli, T. (2000): Samværsrett i barnevernsaker. Oslo: Universitetsforlaget.

Howe, D. & Steele, M. (2004): Contact in cases in which children have been traumatically abused or neglected by their birth parents. I: E. Niel & D. Howe (Eds.): Contact in adoption and permanent fostercare: Research, theory and practice. London: BAAF.

Johannesen, A., Tufte, P. A., og Christoffersen, L. (2010): Introduksjon til amfunnsvitenskapelig metode. Oslo: Abstrakt forlag.

Lindboe, K. (2012) Barnevernrett. Oslo: Universitetsforlaget

Millham, S., Bullock, R., Hosie, K., og Haak, M. (1986): Lost in care. Aldershot: Grover.

Moyers, S., Farmer, E., & Limpscombe, J. (2005) Contact with family members and its impact on adolescents and their foster placements. British journal of social work, 36. Oxford university press.

NOU 2012:5 (2012): Bedre beskyttelse av barns utvikling. Ekspertutvalgets utredning om det biologiske prinsipp i barnevernet. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e212cdbe211d4e699983049c3070870e/no/pdfs/nou201220120005000dddpdfs.pdf>

Quinton, D., Rushton, A., Dance, C. & Mayes, D. (1997) Contact between children placed away from home and their birth parents: research issues and evidence. Clinical child psychology and psychiatry ISSN: 1359-1045. SAGE publications: London: Vol 2(3): 393-413.

Rutinehåndbok for kommunens arbeid med fosterhjem. Q-1102. Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet, 2006. Henta frå:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bld/bro/2006/0007/ddd/pdfv/284440-q-1102_rutinehandbok.pdf

Sandberg, K. (2012): Barns rett til å bli hørt, I: E. Høstmælingen, N., Kjørholt, E., og Sandberg, K. (Eds.), Barnekonvensjonen. Barns rettigheter i Norge. Oslo: Universitetsforlaget.

Schofield, G. og Stevenson, O. (2009) Contact and relationships between fostered children and birth families. I: E. Schofield, G. og Simmonds, J. (Eds), The child placement handbook. Research, policy and practice. London: BAAF.

Smith, L. (2012): FNs barnekonvensjon om barnets rettigheter. I: E. Høstmælingen, N., Kjørholt, E., og Sandberg, K. (Eds.), Barnekonvensjonen. Barns rettigheter i Norge. Oslo: Universitetsforlaget.

Wilson, K. & Sinclair, I. (2004): Contact in foster care: some dilemmas and opportunities. . I: E. Niel & D. Howe (Eds.), *contact in adoption and permanent fostercare: research, theory and practice*. London: BAAF.

Zachrisson, H. D. (2012): Tilknytning og psykisk helse hos små barn. I: E. Moe, V., Slinning, K., Bergum Hansen, M. (Eds.), Håndbok i sped og småbarns psykiske helse. Oslo: Gyldendal.

Rutinehåndbok for kommunens arbeid med fosterhjem. Q-1102. Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet, 2006. Henta frå:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bld/bro/2006/0007/ddd/pdfv/284440-q-1102_rutinehandbok.pdf